

**STUDENTLIV OG LIVSSTILAR I ENDRING:
KLASSEPERSPEKTIV PÅ BERGENSSTUDENTARS
REKRUTTERING OG LIVSSTILAR 1998-2020**

Rapport til Statens medietilsyn, Jan Fredrik Hovden, 2022



Eg såg opp på det grå regnet som sildra nedover oss. Så det var slik det såg ut.

-Ja ja, her er Bergen, sa bussjåføren. I tilfelle eg skulle ha vore i tvil. Han stod bak meg med ein sneip i kjeften. No hadde han lov til å tenne han.

-Er det pennies from heaven det regner her, eller er det noko anna? spurde eg, for å vise at eg var no på høgde med kven som helst, sjølv om eg kom ute frå bygdene og var av småbrukarslekt.

-Det er vel vanlig regn, veit eg, sa bussjåføren. Han såg opp, som om han likevel måtte forsikre seg om at det var det det var, og ikkje det som eg sa. Eg tok ein koffert i kvar hand, steig ut i byen og venta meg det verste.

Ragnar Hovland, Sveve over vatna (1982)

Avstiging


Når hovudpersonen i Ragnar Hovlands *Sveve over vatna* kom til Bergen for å studere midt på syttitalet var det knapt åtte tusen studentar på universitetet i byen. Ved årtusenskiftet hadde dei vorte dobbelt så mange, i dag er dei over tjue tusen.¹ På landsbasis har veksten vore meir dramatisk. Dei førstti tusen studentane på Hovlands tid femdobla seg ved tusenårsskiftet², og i dag er det over tre hundre tusen studentar i Noreg³. I dag er det nesten like mange studentar i Bergen som det var i heile Norge i Hovlands studietid.⁴

Hovlands student, om han steig av bussen i Bergen i dag, ville truleg kjend seg godt att, og ikkje berre på grunn av regnet. Bussen ville stogga på omlag på same staden ved Lille Lundgårvann, og om enn med nokre nye bygningar her og der ville han nok uten problem ha funne vegen forbi Grieghallen opp mot det humanistiske fakultet og sine gamle forelesingssalar på Sydneshaugen. Han ville sikkert også kjend seg att i studielivets antropologiske konstantar, som eit *eige rom* og ei *eiga tid*. Studietida har karakter av å vere eit moderne *overgangsrite* (van Gennep 2013), i sin logikk ikkje ulikt slike i antikkens tid: Ungdom omlag i same alder vert skilde frå sine familiar som del av førebuing for ein ny identitet som vaksne. Dei går inn i ei slags liminalfase der ein korkje er born eller voksen, der ein lærer kunnskapen ein treng for voksenlivet, og etter å ha studert, praktisert og passert prøvene, og slik vore funne verdige, vert reintegrerte som fullverdig samfunnsmedlemer. Det er og eit liv med sine særskilde rytmer, ikkje ulikt tradisjonelle jordbruks- og fiskarsamfunn, med rolege tider og leik vert avløyst av meir arbeidsame og farefulle tider når eksamen nærmar seg.⁵. Studentane har og fleire fellestrek som skil dei frå samfunnet rundt dei. Dei har til felles ein underordna og tydeleg posisjon i ein semi-total institusjon (Goffman 1961) som nokså inngåande styrer deira liv, og dei har òg nokså like materielle levekår gjennom Lånekassa sine stipend og låneordningar. Og om studentane bruker heile byen, har dei også sine eigne institusjonar. Dei har sine eigne forsamlingslokaler, sine eigne foreiningar, og sine eigne medier.

Samstundes ville mykje vore nytt for Hovlands student. Det fyrste han ville lagt merke til var nok at medstudentane hadde vorte fleire sidan sist (Figur 1), og at kvinnene, som på hans tid var i mindretal, no var i stort fleirtal⁶. Utifrå slik me kjenner han frå bøkene, trur me han ville synest dette var god kompensasjon for den auka trengselen. Kan hende ville han også synest at det var hyggjeleg at fleire av hans sambygdingar no var studentar, då det å studere no er vorten meir vanleg i alle klasser, og at det var

spennande med den større variasjonen i nasjonalitetar og bakgrunnar som medstudentane hadde. Derimot ville det vore endringar han nok hadde funne noko framande.

Figur 1. Studentar ved fire utdanningsinstitusjonar i Bergen og ved UIB sine fakultet, 1994-2021



Nokre av desse er knytt til endringane som fylgde store utdanningsreformer tidleg på totusentalet. Han kan hende vorte litt vemodig over at den gamle fireårige cand. mag og hovudfaget no var borte, og erstatta av kortare og meir fastlåste studieløp med mindre muligheter til å kombinere fag utifrå eigne interesser. Han ville nok og stussa over den engelskspråklege gradsterminologien, og at desimalkarakterane var erstatta med bokstavkarakterar. Mest slåande ville nok likevel vore dei bærbare datamaskinene og smarttelefonane som folk hadde med seg overalt, og kor gjennomgåande nettet og digitaliseringa prega ikkje berre medstudentanes studiekvartdag - i form av digital undervisning, bibliotek- og informasjonstilgang via nettet, dei digitale undervisningsportalane etc. - men òg deira fritid: Epost og sosiale medier, den enorme tilgangen til avisar og underhaldning på nettet, videotjenester som Youtube og strøymetenester, dataspel, ebøker og podcastar. Og han ville nok intuitivt forstått at dette ikkje berre handlar om nye og raskare former å kommunisere og dele informasjon på, og ein endelaus tilgang av ny og ikkje-norsk kultur og informasjon, men òg *nye livsformer*, nye måtar å bruke kultur og å vere student på.

Hovlands student ville truleg kjend seg mykje meir att om han hadde kome tjue år tidlegare, litt før årtusenskiftet: Dei største endringane han no ville møtt er i stor grad resultat av utvikling som har funne stad siste tjue åra. Det var då kvinnene kom i

fleirtal som studentar, det var då dei store utdanningsreformene fann stad, og det var då nettet var teke i bruk i folks kvardag og digitaliseringas konsekvenser gjorde seg gjeldande. Og alt dette fann stad medan stadig fleire tok høgare utdanning.

I dette vesle skriftstykket skal antydst nokre av konsekvensene dette har hatt for studentlivet i Bergen dei siste tjue åra, med basis i tre surveyundersøkingar av Bergensstudentane gjort i 1998, 2008 og 2020. Det første er spørsmålet om *studentlivets demokratisering*: Kva rolle spelar studentanes *sosiale arv*, deira klassekarakter og gjeve utifrå ressursane i familiene dei kjem frå, for deira bruk av og relasjon til studiesystemet? Det andre gjeld *studentenes kulturelle livsstilar*. Korleis er deira kulturelle praksisar, preferansar og haldningar prega av deira klassekarakter, på ulike områder? Og korleis er desse livsstilane endra? Kva nye mønster oppstår av sosial eksklusivitet og kulturelle distinksjonar? Samla sett er dette eit forsøk på å studere dei kulturelle konsekvensane av digitaliseringa, med studentane som case, og om den auka *tilgjengeligheten* av desse to sentrale samfunnsgoda - utdanning og kultur - også har medført mindre *sosiale skiljer* i folk si nyttegjering av dei.

Studentene er elles eit særskild interessant case når ein studerer kulturelle endringar. Sidan folk med høgare utdanningar tradisjonelt vore svært overrepresenterte blandt dei tradisjonelle kulturinstitusjonane sitt publikum, kunne ein vente at dette fortel oss noko om den neste generasjonen kulturpublikum. Studentar har og historisk hatt ei historisk rolle som ein kulturell *avant garde*, raske til å plukke opp kulturelle impulsar som film og jazz på sekstitallet, lenge før dei vart kvardags i den almenne befolkninga. Slik kunne ein også vente at dei vil vere framtidssretta i sin bruk av dei kulturelle mogelighetene (og også, begrensingane) digitaliseringa gjev.

Utveljinga av dei utvalde

Hovlands student var ein av fem som studerte i sitt årskull, mot ein av tre i dag.⁷ Å vere student har slik i denne tida gått frå å vere noko uvanleg til å verte nokså vanleg.⁸ Samstundes er det framleis slik at kven som tek høgare utdanning, og kva dei studerer, er nokså ulikt sosial fordelt. Ei forteljing om dette startar ikkje med opptaket på universitetet, og endar heller ikkje der.

Allereide frå våre fyrste ord i vogga bidreg foreldra våre til å forme vår *habitus* (Bourdieu 1984), vår grunnleggjende måte å tenke om og å orientere oss i den sosiale verda. Om i stadig sterkare konkuransen med vår gryande eigenwilje, og innflytelsen frå våre jamnaldringar og andre vaksne (Corsaro 1997), inkludert gjennom media, formast tidleg varige mentale dragningar, kompetansar og væremåtar hjå oss som er kritiske både for vår utdanningsbane og våre sjansar i utdanningssystemet. Dels handlar dette


om å tilegne seg - eller ikkje - skulen mellomklasseprega, foretrukne språklege og sosiale omgangsformer (Bernstein 1971, Bourdieu og Passeron 1990), ein relasjon til skulen som sentral eller irrelevant for eins framtid (Willis 1977), og ei kjensle av eins rettmessige stad og realistiske sjansar i livet (Bourdieu og Passeron 1979): kva som er ei mogleg og sannsynleg, kontra ei umogleg og usannsynleg framtid, kva yrker og utdanningar som "passar" til ein og ikkje, og så vidare. Sentralt i det sistnemnde er også ikkje berre å lære å avfinne seg med si skjebne, men å elske den, det Sartre kalla *amor fati*, sjølv om dette seinare kan vise seg vere ei sosial felle det vert vanskeleg å kome ut av.⁹

Dels er dette ein sosialiseringssprosess som foregår umedvite og uanstrengt, dels meir aktivt i form av sterke føringar og intensivt arbeid frå foreldra si side (Bourdieu 1979), med fokus på korrekt språk og omgangsformar hjå sine born, tett oppfylgjing av alt som har med skulen å gjere, påmelding av ungane på "dannande" fritidsaktivitetar, framskuving av ungane i sosiale samanhengar med vaksne, og så vidare. Slike aktive foreldrestilar vis-a-vis utdanningssystemet, som Anette Lareau kallar "concerted cultivation" (intensiv kultivering) framstår vere meir vanleg i dei øvre middelklassene, medan arbeiderklassenes born i større grad går på sjølvstyr og forventast utvikle seg best med minimalt av føringar frå foreldra (Lareau 2011, Stefansen 2011). Når me kjem til borneskulen er me slik på mange viktige måtar nokså ferdig skulerte, om ikkje i detaljane så i grove trekk - det Bourdieu kallar våre *disposisjonar* - og på svært ulikt vis utifrå kva klassesituasjon me vaks opp i. Om aldri mekanisk og perfekt, er våre disposisjonar ei omgjering av livsbegrensingane i vårt oppvekstmiljø til ein nokså varig psykisk struktur (Bourdieu 1984).

Føremunene som ligg i å ha ressurssterke foreldre, spesielt knytt til *kulturell kapital* (der ressursar opparbeid gjennom å ta utdanning framstår særleg viktige) er tydlege på alle steg i det norske utdanningssystemet. Di høgare utdanning, di høgare aspirasjoner har foreldra for sine born, som skårer betre i nasjonale testar heilt frå borneskulen (Ekren, 2014). Og sjølv om nesten alle i dag tek vidaregåande utdanning, er dei med lågt utdanna foreldre sterkt (og stadig sterkare) overrepresenterte hjå den halvparten som vel yrkesretta studiespesialiering (Hjellbrekke & Korsnes, 2012), dei får lågare karakterar (Hansen & Mastekaasa, 2006), og har mykje dårlegare sjansar til å fullføre vidaregåande.¹⁰ Allereide i dette fyrste hinderet snublar ein av fem ungdommar.¹¹ Sidan skal det verte fleire. Berre halvparten av norsk ungdom går vidare til høgare utdanning, og her er det fyrst og fremst mennene som fell frå, der omlag ein av tre menn (mot to av tre kvinner) tek slik utdanning.¹² Ein effekt av dette er at høgare utdanning, spesielt universiteta, er dominert av born av foreldre med høgare utdanning (Nordli Hansen og Uvaag 2021).

Effekten av foreldrebakgrunn stoggar ikkje på dørstokken til universitetet. Generelt er det slik at born frå arbeiderklassen tek kortare og mindre prestisjefulle utdanningar (Hjellbrekke & Korsnet 2012), og dei er også mindre trulege til å ta deler av sine studier i utlandet (Serediak & Helland, 2022). Born av elitene er mykje meir trulege til å ta langvarige studier som leier til eliteposisjonar, både i høve inntekt og status, som til dømes jus, medisin og høgare forretningsstudiar. Dei som kjem frå arbeiderklassene tek oftare kortare yrkesretta fag, som til dømes lærar, ingeniør eller sjukepleie (Hansen og Mastekaasa 2006, Hjellbrekke og Korsnes 2012). Det er her også tydeleg samanheng mellom foreldra sin utdanningstype og bornas, dels som direkte reproduksjon (td. er det nokså vanleg at born av medsinarar og juristar tek same utdanning som sine foreldre) eller meir indirekte via at born tek utdanning som leiar til liknande, om ikkje akkurat same posisjonar: Born av kultureliter er td. mykje meir trulege til å studere kunst eller humanistiske fag, og born av økonomiske eliter er meir trulege til å studere jus eller økonomifag (Hansen & Mastekaasa, 2006). Born med elitebakgrunnar er også langt meir trulege til å ta lange utdanningar (Figur 2), og også få dei beste karakterane (Hansen & Uvaag, 2021), medan born av lågare klasser er langt meir trulege til å ikkje fullføre sine studier: Åtte av ti studentar med foreldre med mastergrad fullfører sine studier, men berre halvparten av dei som ikkje har foreldre med høgare utdanning (Holseter 2021). Studier viser også at effekten av foreldrebakgrunn fylgjer studentane ut i arbeidslivet. Tidlegare jusstudentar har til dømes langt høgare arbeidsinntekter dersom dei kjem frå ein familie med juristar (Hansen og Mastekaasa, 2006).

Figur 2. Oppnåing av mastergrad ved 28 års alder, etter klassebakgrunn (etter Hansen & Uvaag, 2021).




Så langt har me brukt ein del tid på å gå igjennom grove nasjonale samanhengar mellom klassebakgrunn og utdanningsmobilitet. Om mange av desse mønstera går att hjå studentane i Bergen, er dei også særegne, prega av kva utdanningar dei tilbyr, og regionen sin karakter, både i form av næringar og kultur. For å forstå Bergensstudentane må me slik, som Hovlands student, ta bussen til Bergen, stige ut og utforske byen og studentlivet.

Bergensstudentanes sosiale rom

Einkvar som har vore student ei stund får ei kjensle av korleis ulike studentgrupper skil seg frå kvarandre. I det indre kartet frå mi eiga studietid i Bergen var kvar studentgruppe forbundne med visse livsstilar; HF-studentane gjekk i svarte klede, dei var opptekne av politikk og litteratur, var vanlegvis langt ute på venstresida, dei gjekk på Cafe Opera eller Garage, dei budde gjerne i kollektiv og så vidare. På den andre sida hadde ein NHH-studentane, som mest av alt framsto pyntetelege, omlag som dei var på veg til fint familieselskap, ein fann dei gjerne på Dickens, dei stemte Høgre eller Arbeiderpartiet, dei var ofte frisksportarar og treningsinteresserte, og så vidare. Slike indre kart er del av det Bourdieu ville kalla vår spontane sosiologi, dei er fordommar i Gadamers forstand, ein del av vår forventningshorisont som me brukar til å forstå og handle i verda. Gjennom statistikk kan ein nærme seg noko av det same, ved å sjå korleis ulike kjennemerke ved studentane opptrer saman eller ikkje.

I denne biten skal me fyrst sjå på det me kan kalle *Bergensstudentanes sosiale rom* (Bourdieu, 1984); tilhøvet mellom foreldres ressursar og studentanes studiebaner og kulturbruk. Meir presist er dette eit statistisk konstruert rom av relasjonar mellom studentane sine foreldre gjeve ved desse sin *kapital* - foreldras ulike tilgang til fundamentale ressursar i samfunnet (som pengar og utdanning) som monaleg påverkar kva Max Weber (1978) kalla *livssjansar* - deira sjansar for å leve gode liv i form av materiell levestandard, å oppleve anerkjenning og evne til å påverke, oppleve eit meiningsfullt liv, og så vidare. Og også, som me skal sjå, eins sjansar til å setje sine born på trygg veg til gode liv. I våre analyser vil me hovudsakleg sjå på familiens samla kapital.¹³

Figur 3: Studentrommet i Bergen 2020. SpeMCA, akse 1-2.



Note: Denne spesifikke korrespondanseanalysen (Le Roux, 2010) nyttar seks variablar for å antyde foreldra sin samla kapital og slik klasseposisjon (talet på kategoriar i parantes): *fars og mors samla inntekt* (5), samla indeks for *fars og mors kulturelle kapital* målt ved interesse for teater, litteratur, film og bildekunst (5), *fars og mors høgste utdanningsnivå* (5), *fars utdanningstype* (6), *mors utdanningstype* (6) og *studentens utdanningsstad* (13).¹⁴ Konstruksjonen er dominert av to aksar som til saman forklrar litt under seksti prosent av den substansielle variansen (Benzécri-modifiserte eigenverdiar, jfr. Le Roux 2010)¹⁵. For detaljerte bidrag, sjå vedleggget.¹⁶

Kvar prikk i figur 3 er ein student. To studentar med foreldre med liknande kapitalprofilar (td. ved å ha liknande utdanning, inntekt og yrke) vil typisk ligge nært kvarandre, og di meir ulike, di større avstand. Kva skil så Bergenstudentane foreldre frå kvarandre? Det første er eit skilje (den vertikale opposisjonen figur 1) i arva *kapitalvolum*, mellom dei studentane som har generelt meir kontra mindre ressurssterke foreldre. Ordet "ressurssterk" har her ei svært spesifikk betydning, som ikkje må forvekslast med ein moralsk dom om dei er evnerike eller ikkje, men om i kva grad dei skårar høgt eller lågt på ulike indikatorar som er viktig for tilgang til mange

sentrale goder i samfunnet. Øvst finn ein studentar frå *overklassene*, der typisk begge foreldra har lang høgare utdanning og høge inntekter, td. gjennom eit prestisjefyldt embedsstudie, og i yrker som td. legar, advokatar, professorar og toppleiarar i næringslivet. Motsett finn ein nederst studentar frå *arbeiderklassene* der vanlegvis berre ein eller ingen av foreldra har høgare utdanning (og om så, vanlegvis berre ei kort, yrkesretta utdanning), og i yrke som er lågt betalte og med låg status, som hjelpearbeidarar i industrien, yrkessjåførar, bønder og handverkarar.¹⁷ I mellom ligg studentane frå *middelklassene*, der foreldra typisk har jobbar som administrative funksjonærar, ingenørar og lærarar, yrke som føreset ei kortare høgare høgskuleutdanning og inntekter og status i midtre skikt.


Dette skiljet mellom studenter frå meir eller mindre ressurssterke heimar er moderert av balansen mellom ulike ressursar i heimen - foreldras *kapitalsamansetjing*. På venstre side i figuren så finn me dei med foreldre som er akademikarar eller kjennemerka med gjerne kulturelle utdanningar og yrker i det offentlege - lærarar på alle nivå, forskarar og professorar, humanistar og kunstnarar, medan me på høgre side finn studentar der foreldra typisk har yrker knytt til næringslivet, varierande frå toppleiarar i finansverda, sjølvstendig næringsdrivande, lågare medarbeidarar i sal og forsikring, og så vidare.¹⁸ I midta finn me typisk dei med foreldre som kombinerer både høge inntekter og høge utdanningar, advokatar og legar, eller som manglar begge deler, som handverkarar, og mellomryke som korkje er prega av å ha særskild høge lønningars eller sterke kulturelle investeringar for sitt utdanningsnivå, som ingeniørar og mange realistar. I klassesosiologiens språk finn me slik dei *kulturelle klassefraksjonane* på venstre side, dei *balanserte klassefraksjonane* i midta, og dei *økonomiske klassefraksjonane* på høgre side. Kombinasjonen av kapitalvolum og type kapital som kjenneteiknar eins foreldre er basisen for kva klassebakgrunn me har tilskrive kvar student, kulturell overklasse øverst til høgre, økonomisk middelklasse midt til høgre, arbeidarklasse nederst, og så vidare.¹⁹

Sosial arv og studentanes utdanningsbaner og studievilkår

Ser me på tilhøvet mellom Bergensstudentanes sosiale arv (deira foreldre sine ressurser) og utdanningane dei sjølv tek, finn me att mange av tendensane me påpeikte nasjonalt tidlegare. Dei kortare yrkesretta høgskulestudiuma som lærar, ingeniør og sjukepleie er mykje vanlegare for studentar som har bakgrunn frå arbeiderklassene og lågare middelklasser, medan det omvendte er tilfelle for dei lengre, prestisjefulle embedsstudia i psykologi, jus²⁰, medisin, tannlegestudiet og økonomiske studiar ved NHH. Me kan og legge merke til at dei økonomiske utdanningane ved NHH og BI (der sistnemnde rekrutterer tydeleg lågare sosialt enn NHH) er mest vanlege for dei med foreldre med ein overvekt av økonomisk kapital, medan kunst og HF-utdanninger er det for dei som har foreldre med overvekt av kulturell kapital. I dette biletet er universitetsutdanningane nokså spreidde. I kontrast

til eliteutdanningar som jus og medisin finn me td. at mange studentar på SV- og HF-fakultetet har foreldre med nokså ordinære bakgrunnar. Også verdt å merke seg korleis karakterane frå vidaregåande aukar med foreldra sitt kapitalvolum, der dei beste karakterane i stor grad er forbehalde dei som kjem frå dei øverste klassene, og demonstrerer tydeleg korleis skulen er ein sentral garantist for den sosiale lukkinga (Weber 1978) av eliteutdanningane for dei som ikkje har høgt plasserte foreldre. Gjennom ei form for sosial magi omgjer skulen uretten som ligg i fødselsprivilegier, familiens ressursar, til noko tilsynelatande personleg og fortent ("eit talent", "gode evner", "intelligens", etc.), ein meritokratisk ideologi, der slike borns høgste privilegium er å sjå sine privilegium som fortente (Bourdieu 1977). Dei andre er mindre heldige, og må bere børa av sine feilsteg og manglande suksess åleine.

Tabell 1. Fars klassebakgrunn (ORDC) etter institusjon og fakultet ein studerer, fordelt på menn og kvinner.²¹ Prosent.




I kontrast til utdanningssystemets ambisjonar om å fungere sosialt utjamnande, er det store biletet slik at universiteta og høgskulane bidreg til ein *reproduksjon* mellom foreldre og borns livssjansar, der borna havnar i utdanningar som typisk leiar til tilsvarande posisjonar i klassesystemet som sine foreldre.²⁰ Av og til skjer dette direkte, ved at dei tek same utdanning, men oftast skjer det meir indirekte. Om dei fyrst studerer i Bergen, til dømes har søner av juristar mykje større sjanse til å studere jus enn dei med andre fedre, men dei utgjer berre ein fem av mennene på jusstudiet. Like mange har ein far som er lege, elles er det ei overvekt av studentar med fedre som har mastergrader i økonomi og andre universitetsfag. Likande reproduserande mønster finn ein for dei fleste utdanningar. Kvinnlege lærarstudentar har til dømes langt oftare enn andre mødre som er lærarar, men like ofte ei mor som er sjukepleiar. Men ikkje jurist eller lege.

Eit siste tilhøve som bør nemnast er kjønnsskilje. Frå å vere i knapt fleirtal for tjue år sidan, utgjer kvinnene no to tredjedeler av studentane. Men kvinnenes inntog har ikkje vore like sterk alle stadar. I 2020 hadde utdanningane på Medisin, Psykologi og Helseutdanningane på høgskulen over 80% kvinnelege studentar, medan NHH, BI, MatNat og ingenørstudiane hadde kring 50%. Samstundes framstår klassekarakteren til studentane slå litt ulikt ut for menn og kvinner i utdanningsvalet. Kvinner som tek elitestudium verkar ofte ha høgare klassekarakterer enn mennene, og det same gjeld også for å velje tradisjonelle mannsyrke som ikkje er elitefag, som ingeniørfag. For menn er derimot val av tradisjonelle kvinnedominerte yrke oftare eit sosialt fall, og prega av fleire med arbeiderklassebakgrunnar.

Eit rom av mogligheiter og begrensingar

Ein kunne tenkje seg at studentane sine "val" av studie har utspring av spesifikke ynskjer og føringar knytt til enkeltstudium, slik ein legeforelder utan tvil kan vere ein viktig motivasjon til at ein studerer medisin. Men når ber studentane markere i ei liste av 28 studium om kven av desse dei tenkjer dei kunna passa til, er det tydeleg at studentane plassere utdanningane i eit *rom av begrensingar* av kva som opplevest mogleg og umogleg for dei, og born av dei ulike klassene opplever desse begrensingane svært ulikt. For det fyrste finn arbeiderklassenes born at *det høgare utdanningssystemet har færre dører for dei*, ved å oppleve seg eigna til færre av dei studia. Ein av fire med elitebakrunner (overklassene i ORDC-klasseskjemaet) seier dei eignar seg til minst åtte av faga, men berre ein av ti frå arbeiderklassene.

Figur 4. Fag studentar dei meinar dei er veleigna til å studere. MCA, akse 1-2.



Fag og institusjonar i grå skrift = neverande studiestad.

For det andre er det ikkje berre slik, som me har sett, at *studentane tenderer til å velje fag som liknar på faga dei studerer*, og i slik i grove trekk reproduuserer eit skilje mellom kulturfag og samfunnsfag på eine sida, og tekniske og økonomiske fag på den andre (som i praksis reproduuserer det sosiale rommets horisontale struktur). Denne opplevinga av det moglege verkar handle minst like mykje om *ei kjensle av kva som er eins rettmessige stad* ved samfunnets bord, og gjev nokre tilsynelatande motsetningsfulle utslag. Slik er til dømes legestudentar mindre trulege til å tenke at dei kunne passe til å vere sjukepleiarar - som ein kunne tenke var eit nærrare beslektat yrke - enn til å studere økonomi på NHH eller jus, og omvendt tenkjer sjukepleiarane oftare at dei passar til å vere lærar enn lege. Liknande mønster finn ein til dømes mellom å studere psykologi på universitetet kontra sosialfag på høgskulen. Dette forholdet kan heller ikkje forklarast berre ved karakterar; sjølv med samme karakterar sikter dei lågare klassene sjeldnare mot eliteutdanningar enn born av elitene.

Foreldreressursar og livssituasjon

Effekten av foreldrene og deira ressursar er ikkje berre synlege i studentanes fagval, men pregar heile deira livssituasjon. Dei med dei fattigaste foreldra får sjeldnare økonomisk hjelp heimanfrå, har mindre oppsparte midlar (og må oftare ta opp ekstra banklån for å studere), og arbeidar meir ved sidan studiane²². Ikkje berre unngår slik studentane med rikare foreldre oftare dei mest elementære økonomiske bekymringane

og har betre materielle vilkår og større autonomi, men dei har også direkte konkuranseføremuner ved at dei kan bruke meir tid på sine studier, og med mindre avbrot.

Desse økonomiske og arbeidsmessige ulempene for arbeiderklassestudentane framstår likvel berre som ein del av ein meir generell situasjon av å vere dårlegare tilpassa studentlivet, også om ein ser vekk frå deira dårlegare karakterar på vidaregåande. Dei er meir trulege til å vere forsinka i sine studiekarrierer - ved å tidlegare ha teke heilt andre studiar (som ein kan mistenke ofte er ein effekt av å ha foreldre som kjenner utdanningssystemet dårleg), eller avbrote dei, fått born i ung alder og så vidare.²³ Dei har også lågare akademiske ambisjonar: tydeleg færre ser føre seg å gå vidare til doktorgrad, og dei forventar oftare å få karakterar under gjennomsnittet på studiet.

Deira utsikter til å leve eit "tradisjonelt" studentliv er også dårlegare, og ikkje berre av di dei må arbeide meir ved sidan av studiene, eller avdi dei oftare går på studier som i mindre grad enn mange generelle studier på universitetet mystifiserer deira skjebner (som sosiologi, til dømes) men tydeleg klårgjer dei for eit spesifikt yrkesliv (Bourdieu 1984). Dei er også meir trulege til å bu heime hjå foreldra, eller om dei er litt eldre, ha born og bu i eit eit hus heller enn i kollektiv, ei leilighet eller ein studentbustad. Berre ein av tre studentar frå arbeiderklassene går ut på byen minst ein gong i veka, noko over halvparten av studentane elles seier dei gjer. I sum er dette tilhøve som ikkje berre truleg gjer dei mindre fortrylla av studenttilværets mytiske sider, men og at dei i mykje mindre grad er i stand til å nytte seg av studietida som ei tid for akkumulasjon, ikkje berre av verdifulle studiepapir, men også av sosiale nettverk, viktigare seinare i livet, som føreset mykje tid brukt på uformell sosialisering og deltaking i studentverdas sivilsamfunn (i redaksjonane til studentaviser, studentpolitiske organisasjonar, ulike studentlag og arrangementskomitear, og så vidare).

Tabell 2. Vilkår for å studere, etter fars klasseposisjon (ORDC). Prosent.

KLASSE FRAKSJON	OVERKLASSE			MIDDELKLASSE			ARBEIDERKLASSE	
	Kulturell	Balansert	Økonomisk	Kulturell	Balansert	Økonomisk	(alle)	
Arbeider ved sidan av	48	55	56	56	55	57	65	
Arbeider minst 10 timer i veka	23	27	29	34	33	30	37	
Lever på oppsparte midlar	33	29	41	25	32	37	24	
Økonomiske gåver frå foreldra	11	26	24	6	27	20	15	
Har born	8	5	5	9	5	4	10	
>25 år (bachelorstudentar)	16	13	17	13	13	13	25	
Bur i kollektiv	24	20	13	26	17	14	14	
Bur hos foreldre	3	3	9	0	9	11	5	
Gift eller sambuar	24	16	19	17	22	25	30	

Endringstrekk i relasjonen mellom arv og utdanning

I desse tjue åra har talet på studentar ved desse fire institusjonane nær på dobla seg. Sidan ein større andel av årskulla no tek høgare utdanning, framstår klassekilnaden mellom Bergensstudentane og årskulla ikkje uventa litt mindre no enn før. Samstundes som terskelen har vorte lågare for å *ta* høgare utdanning, er imidlertid den sosiale sorteringa *etter* innsteget minst like sterkt som før. Dette handlar både om vertikal og horisontal klassedeling, og om kjønnsskilje.

Figur 5a. Klassebakgrunn (ORDC, far) og rekryttering til høgare studiar i Bergen, 2008.

	Andel fedre i befolking	Studentar i Bergen	HIB	BI	NHH	UIB
1. Cultural upper-class	1,5%	3%	2%	2%	5%	4%
2. Professional upper-class	3,5%	10%	7%	9%	12%	12%
3. Economic upper-class	3,4%	3%	2%	19%	8%	2%
4. Cultural upper-middle	3,3%	6%	6%	0%	3%	8%
5. Professional upper-middle	14,5%	22%	18%	22%	22%	24%
6. Economic upper-middle	12,1%	10%	9%	12%	15%	10%
7. Cultural lower-middle	1,0%	5%	5%	2%	3%	6%
8. Professional lower-middle	5,9%	7%	8%	3%	5%	7%
9. Economic lower-middle	10,1%	7%	8%	5%	11%	7%
10. Skilled workers	23,2%	14%	19%	21%	11%	12%
11. Unskilled and semi-skilled workers	21,0%	8%	13%	5%	2%	7%
12. Farmers, fishermen, foresters	0,5%	4%	5%	0%	5%	4%

* Menn 40-50, 2007

Figur 5b. Klassebakgrunn (ORDC, far) og rekryttering til høgare studiar i Bergen, 2020.

	Andel fedre i befolking	Studentar i Bergen	HIB	BI	NHH	UIB
1. Cultural upper-class	2,0%	3%	1%	1%	4%	3%
2. Professional upper-class	4,8%	10%	8%	8%	15%	10%
3. Economic upper-class	3,1%	4%	1%	6%	9%	2%
4. Cultural upper-middle	4,3%	4%	5%	1%	2%	5%
5. Professional upper-middle	15,8%	18%	15%	15%	19%	19%
6. Economic upper-middle	12,1%	12%	12%	18%	13%	11%
7. Cultural lower-middle	1,2%	3%	2%	4%	0%	4%
8. Professional lower-middle	5,5%	9%	9%	11%	9%	9%
9. Economic lower-middle	9,0%	11%	8%	12%	14%	10%
10. Skilled workers	21,3%	16%	27%	15%	7%	15%
11. Unskilled and semi-skilled workers	19,8%	7%	10%	7%	4%	7%
12. Farmers, fishermen, foresters	1,0%	3%	2%	2%	3%	3%

* Menn 40-50, 2017

Tal frå befolkning: Korrespondanse med Marianne Nordli Hansen.

Elitefag som embedsstudier i medisin, tannlegestudiet, psykologi og jus, samd Handelshøgskulen er omlag like eksklusive i dag som i 1998 målt både utifrå klassebakgrunn og karakterkrav (dei krev i dag stort sett 5 i snitt og oppover for å kome inn). Omvendt har dei fleste høgskulefaga - som har hatt ein sterke vekst i studenttalet enn førenemnde - hatt ein jamt lågare eksklusivitet, både målt utifrå karakterar og klassebakgrunn. Og SV-faga, som har hatt sterkt studentauke, verkar

rekruttere fleire frå lågare sosiale bakgrunnar, og noko liknande framstår ha skjedd med BI.²⁴ Nokre eliteutdanningar, som NHH og medisinstudiet, framstår derimot endå meir sosialt eksklusive enn før. Eit illustrativt døme er her skilnaden mellom NHH og Høgskulen på Vestlandet. I perioden 1998 til 2020 auka NHH studenttalet frå 2765 til 3980 (+44%), på HVL (tidlegare HIB) totalt frå 4880 til 9560 (+96%). Både i 1998 og 2020 hadde ein av sju studentar på NHH arbeiderklassebakgrunn, og andelen medan andelen med overklassebakgrunn auka i tidsrommet frå 14% til 28%. For Høgskulen hadde litt over ein av tre studentar arbeiderklassebakgrunn begge åra, og andelen med overklassebakgrunn haldt seg jamt på omlag 10%. Eliteutdanningane har slik vorte meir sosialt eksklusive desse åra, trass i at fleire ungdomar tek høgare utdanning og det har vorte fleire på elitefaga.

Endringane handlar likevel ikkje berre om at arbeiderklassene i mindre grad tek eliteutdanningar, men også om auka viktigkeit av foreldras kapitalsamansetjing. Grovt sett framstår økonomistudiar endå meir enn før vere utdanningar for born av foreldre med høge inntekter og næringslivbakgrunnar (dette gjeld spesielt BI), medan kulturutdanningar - som lærarutdanning, HF og (spesielt) kunstuddanning - i større grad enn før er for born av foreldre prega av kulturell kapital (eller i alle fall: meir kulturell enn økonomisk kapital). Sagt med andre ord: klasseskilja for *om* ungdom tek utdanning i Bergen vert mindre, men *kva* utdanning dei tek fylgjer i aukande grad både foreldras kapitalvolum og kapitalsamansetjing. Dei sosiale utveljingsmekanismene stoppa før i større grad ungdomane på dørstokken, i dag skjer dette i større grad *inne* i det høgare utdanningssystemet. Dette er trekk som er i tråd med meir generelle inntrykk frå klassestudiar i Noreg i denne tida (Flemmen et. al 2022). Interessant nok verkar desse skilja verte meir, og ikkje mindre kjønna: Kvinnenevksen har vore spesielt sterkt på dei helse- og kulturretta utdanningane, og svakast på økonomi- og tekniske utdanningar.

Eit tredje viktig trekk er her ein aukande tendens til ei "dobel velsigning" for born frå priviligeerte familiars. Mødrene til studentane har, i større grad enn fedrene, i aukande grad teke høgare utdanning, og lange høgare utdanningar. Men sidan at høgt utdanna og kapitalsterke mødrer har ein tendens til å finne seg partnarar med liknande kapitalnivå og samansetjing (klassehomogami), betyr dette at borna frå priviligeerte familiars i stadig oftare grad har to og ikkje berre ein forelder med høg klasseposisjon. Dette har nok særleg konsekvenser for døtrene, sidan tidlegare studiar har funne at effekten av sosial bakgrunn er sterkare mellom fedre og søner, og mødre og døtre, enn på tvers av kjønna.²⁵


Kulturell arv og studentanes kulturelle livsstilar

Så langt har me veklagt systematiske samanhengar mellom studentane si sosiale arv - foreldras sentrale ressursar - og studia dei sjølve går på, og deira meir grunnleggjande vilkår for å leve sitt studentliv (kor mykje dei arbeidar ved sidan av, kva bustad dei har, mm.). Samstundes er jo dette samstundes berre ein liten del av studentane sine livsstilar (Bourdieu 1984). Vidare skal me no fokusere på studentane som kulturbukkarar og -utøvarar: Kva systematiske samanhenger finst mellom deira foreldre sine ressursar og deira eigen livsførsel på dette området? Me vender oss på nytt til kartet i figur 3 (ein meir detaljert versjon finst som versjon 3b nedanfor).

Foreldra sine kulturinteresser

Me har allereide klårlagt at studentgruppene på venstre side i kartet oftare har foreldre som er utdanna innan kunst- og kulturfag - lærarar, kunstnarar, humanistar mm. - og ofte sjølv studerer liknande fag. Som antyda av studentgruppene si plassering - spesielt psykologi og jus - så er det også andre studentgrupper som er kjenneteikna av kulturinteresserte foreldre (tabell 3). Studentane på kunstuddanningane, humanistisk fakultet, jus og psykologi er kjennemerka ved å ha foreldre som er interesserte i det ein kan kalle tradisjonell legitim kultur (ein type kulturbuk ein tradisjonelt har funne i europeiske overklasselag): klassisk musikk, eldre norsk og internasjonal litteratur (td. forfattar som Knut Hamsun og Virginia Woolfe), teater og bildekunst. I tillegg oppgjev dei sine foreldre som oftare interessert i kulturformer litt på sida av dette - som folkemusikk og "kunstnerisk ambisiøs film", interesse for religion og for lokalhistorie. Deira foreldres kulturelle engasjement verkar slik favne nokså breidt. På motsett side finn ein studentane på dei økonomiske og tekniske utdanningane som plasserer seg på høgre sida i kartet (og slik, sameleis, oftare har foreldre med relaterte yrke og i næringslivet) som oftare enn snittet er sportsinteresserte, men relativt sjeldan interesserte i dei føregåande typane kultur. Nokre utdanningar plasserer seg i mellomposisjonar; medisinstudentar oppgjev slik sine foreldre som oftare interesserte i dei mest hoffprega kunstartane, klassisk musikk og bildekunst, men også norsk klassisk litteratur, og lærarstudentane - ofte oppgjev sine foreldre som litteraturinteresserte, men ikkje så ofte interesserte i andre kulturformar. Kartet antyder her slik ei linje frå dei studentgruppene som har minst tradisjonelt kulturinteresserte foreldre frå nederst til høgre (som inkluderer td. BI) til øverst til venstre. Som me skal sjå, framstår studentgruppene eigne kulturelle livsstilar på viktige måtar avspegle noko av dei same skilja me finn mellom deira foreldre.

Tabell 3. Studentanes foreldre si interesse for ulike typar kultur og aktivitetar, etter studentanes fag. Andelen (prosent) der minst ein av foreldra er oppgjeve som interesserte.




Studentenes kulturelle livsstilar

Eit fyrste skilje mellom studentane kulturelle livsstilar, som følgjer den vertikale aksen i figur 2 (foreldra sitt kapitalvolum) er *ein generell dimensjon av engasjement og aktivitet*.²⁶ Dels handlar det om at studentane frå høgare klasser framstår meir prega av utgående, urbane, livsstilar. Dei sit mindre heime, og dei er oftare aktive i organisasjonslivet (inkludert studentorganisasjonar), dei besøker oftare alle formar for kulturarrangement (inkludert sportslege) og går meir ut på byen. Dette er ofte, kan ein

merke seg, aktivitetar som kostar pengar. Dette går saman med ei større interesse for å halde seg oppdatert om kultur- og uteliv gjennom nyheiter, sosiale medier, spesialiserte nettstadar og tidsskrift, og dei er jamt over meir trulege til å seie seg interessert i alle former for kunstnarar og verk, eller kome med dømer på sine favorittar, når spurd om dette. Arbeiderklassenes studentar framstår på den andre sida mest av alt å vere kjennemerka ved ein lågare kulturell aktivitet²⁷, med unntak av meir tid brukt på tv- og videobaserte tenester.


Figur 3: Kulturelle livsstilar i studentrommet i Bergen 2020. SpeMCA, akse 1-2.




Dei øvre klassene og mellomklassenes kulturelle engasjement og bruk av byen har samstundes nokså ulike utløp, og heng tydeleg saman med foreldras kapitalsamansetjing (den horisontale dimensjonen i rommet). Eit viktig skilje går mellom ei orientering mot det tradisjonelle kulturfeltet og dets institusjonar, kontra det generelle utelivet, meir populærkulturelle scener og sport. På den venstre sida, for studentane med meir tradisjonelt kulturelt interesserte (og kulturutdanna) foreldre, finn me slik at dei oftare besøker kunstutstillingar, les litteratur, går på teater, besøker kulturarrangement og kulturfestivalar, på den andre, sida, for studentar prega av meir økonomisk sterke bakgrunnar, finn ein derimot dei ivrigaste i det generelle utelivet og dei som ofta går på populærkulturelle konsertar, og sportsarrangement. Eit hovudskilje går slik mellom ei orientering mot det tradisjonelle kunstlivet og litteraturen, både i klassisk form og knytt til samtidsscena, til venstre, og mot den meir ålmenne underhaldningskulturen til høgre. Studentar på venstre sida nemner td.

oftare kritikaroste samtidsforfattarar, på den høgre, bestseljande krimforfattarar, på venstre, oftare preferansar for barokkmusikk, jazz og verdensmusikk, på den andre for listemusikk, House og EDM. Men det er også andre viktige distinksjonar i spel langs denne aksen, som mellom ikkje-europeisk kontra amerikansk kultur, ulike ideal for og bruk av kroppen (di lengre til høgare i kartet, di meir tid brukt på trening), mellom ein preferanse for ein slags rimeleg do-it-yourself kontra meir økonomisk krevjande smak (som preferanse for å handle klede på brukthandlar kontra dyre spesialbutikkar, eller for "kreativt" kontra "stilfullt" heimeinteriør).

Tabell 4. Bruk av ulike typar kultur og aktivitetar, etter fag, 2020. Andelen (prosent) som har hatt minst 2 besøk dei siste 12 månadar.





Om den kulturelle kapitalens bytteverdi og bruksverdi

Me har tidlegare veklagt foreldra si utdanning - både lengd og type - som ein sentral del av studentane si sosiale arv for å forstå deira utdanningskarrierer. Utdanning har imidlertid viktigkeit utover dette. Utdanning kan også forstås som ein sentral måte ein tileigner seg ikkje berre kunnskapar og ferdigheiter som er relevante og nyttige for eit yrkesliv, men også har ein verdi som kjelde til anerkjenning og status meir generelt i samfunnet - dei kan fungere som det Pierre Bourdieu kalla *kulturell kapital*. Det er omdebattert kva tilgangar som faktisk er anerkjende i moderne samfunn som Norge. I Bourdieus Frankrike på syttitalet vektla han mestering av det ein i dag gjerne vil kalle tradisjonell finkultur, som kjennskap til "stor" litteratur, filosofi, klassisk teater og bildekunst, og så vidare (Bourdieu 1984). Seinare drøftingar utpeiker dette som ei tradisjonell (det vil seie aldrande) form, og argumentert for at nye, kosmopolitiske former for slik kapital har vakse fram der den gamle finkulturen er mindre relevant, og heller vektlegg mange fleire formar for deltaking i offentligheita (inkludert sport), aktiv bruk av sosiale medier, og å kunne drage distinksjonar i populærkulturen (Prieur og Savage 2013, Gripsrud 1989). Samstundes er ikkje tileigning av slike kulturelle ferdigheiter *berre* ei kjelde til ære og goder i samfunnet. Som Marx (1990) påpeikte har varer både ein *bytteverdi* og ein *bruksverdi*. Det første omhandlar det me har vore inne på. Men kultur har også bruksverdi - som kjelde til eit rikt og meiningsfullt liv, til glede og avslapning, som beriking av sosialt samhald, og så vidare.

Skiljet mellom studentar frå lågare og høgare kulturelle fraksjnane er òg eit skilje mellom å vere berre eit publikum eller i tillegg også ein skapar eller utøvar (t.d. ved å lage musikk, td. i kor eller ved å spele eit instrument, skrive dikt eller anna), mellom å vere engasjert i meir populære gener (som fantasylitteratur eller den kommunale kinoens program) kontra dei meir elieprega og eksklusive genrene - på den eine sida den klassiske europeisk elitekulturen (gjennom å like Kafka, Kandinsky, klassisk musikk etc.), på den andre sida den meir eksklusive samtidskulturen (preferanse for samtidsmusikk of nolevande prisvinnande kunstnarar som Bjarne Melgaard og Carl Frode Tiller). Det høgare engasjementet i kunstverda hjå sistnemnde finn ein og igjen i at dei oftare fylgjer særskilde magasin og nettstadar retta mot kunst, og fylgjer kunstnarar i sosiale medier.

Tabell 5: Bruk av ulike medier minst tre gongar pr. veke på ulike fag, 2020. Prosent.

	Medisin	Jus	Psykologi	NHH	BI	HIB	HelseSo	HIBingNat	HIBLaerer	HIBOksmf	SV	MatNat	Human.	KMD
Bruker sosiale medier	96	97	100	96	93	99	93	97	95	95	95	87	91	100
Lyttar til musikk	87	94	93	92	91	88	90	90	93	82	94	94	94	94
Ser TV i optak eller strømmet	86	86	86	85	92	87	90	85	95	83	79	81	86	86
Leser nettavis	82	94	85	89	88	83	82	82	77	85	72	82	82	60
Ser på TV-serier	77	78	77	77	78	84	74	80	86	80	68	77	77	77
Besøker nettsteder for spesialint.	49	51	46	52	49	48	59	53	50	52	54	56	56	57
Hører podcast	45	54	47	47	47	36	35	49	41	42	40	42	42	37
Ser nyheter på TV	19	35	26	23	33	36	24	32	32	28	17	22	9	9
Ser på film hjemme	10	17	23	18	31	16	15	27	18	30	15	30	30	34
Spiller dataspill	6	10	8	15	25	8	41	17	14	24	32	33	33	26
Ser direktesendt TV	18	14	22	16	24	31	20	29	27	17	22	16	16	9
Hører direktesendt radio	24	19	26	19	9	28	17	25	27	15	21	11	20	20
Leser skjønnlitteratur	19	16	22	11	8	18	12	17	23	15	17	39	26	26
Hører nyheter på radio	27	17	19	17	9	20	10	19	9	17	21	15	17	17
Hører radio i optak eller strømmet	18	16	18	16	11	14	9	18	5	12	10	14	14	23
Bruker lydbok	5	5	7	4	6	8	3	8	0	5	7	13	6	6
Leser papiravis	6	6	5	5	5	7	0	4	0	2	2	5	5	6
Leser ukeblad eller magasin	3	2	1	3	5	3	1	6	5	7	3	5	0	0

Populærkulturelle distinksjonar: Preferansar for TV-seriar


Det føregåande kartet over Bergensstudentanes kulturelle livsstilar (figur 2) set deira kulturvanar i samanheng med foreldrenes sentrale ressursar, og slik, deira klassebakgrunn. Som påpeikt, er det tydelege, systematiske trekk mellom klasse og studentanes livsstilar, td. at søner og døtrer av høgt utdanna foreldre typisk les meir litteratur og brukar mindre tid på tv- og videotenester samla. Slike oversikter er nyttige. Dei fortel oss noko om korleis sosial ulikheit (klasse) spelar inn for dei grove kulturelle himmelretningane, for det første ved å antyde kva typar kulturpreferansar og -vanar som er meir og mindre vanlege gjeve ein viss bakgrunn, for det andre, i kva grad ulike kulturelle livsstilar truleg er sosialt verdsette. Når td. tung lesing av klassisk litteratur framleis i internettalderen truleg har ein viss status og kan fungere som eit merke for andre studentar (og forelesarar) som eit teikn på at ein student er spesielt flink, intelligent eller talentfull - i alle fall på ein del humanistiske og samfunnsfaglege studier - ville Bourdieu (1984) sagt at me forvekslar verknad med årsak, forvirra av ein *karismatisk mytologi*: Det er heller slik at slik lesing, ved å vere ein livsstil som tradisjonelt er vanlegare i høgare sosiale (kulturelle) lag i befolkinga, er *sosialt verdsett*,

og at me ofte blandar denne sosiale anerkjenninga av livsstilar med ein ide om personleg talent. Om ein brukar svært mykje tid på td. dataspel eller realityseriar, har det neppe same sosiale gevinst. Me er, i ein viss forstand blenda og fortrylla av korrelasjonen mellom klasse og livsstilar.

Samstundes er den føregåande romanalysen begrensa på viktige måtar. Den viser jo berre korleis studentane kulturvanar fordeler seg utifrå deira klassebakgrunn. Men i tillegg til alle dei unike og meir tilfeldige grunnane til at me likar ein serie (ein som gjer eit stort poeng av slike faktorar er Lahire, 2003), kan ein jo vente at slike preferansar også er strukturerte av td. kjønn og alder, eller spesifikke fagkulturar. Det er heller ikkje urimeleg å tenkje at klasseskilje kanskje er mindre viktige for delene av populærkulturen som i svært stor grad er felles, som td. dei mest populære Netflix-seriane.²⁸ Snakkar me kanskje her i større grad om ein felleskultur enn ein klasse- eller kjønnsprega kultur (sjå td. diskusjonen i Pasquier, 2005)? Nettopp av slike grunnar utgjer tv-serier eit godt case på om klasseskilje har relevans for studentane livsstilar også for deira bruk av populærkultur, og kan gje peikepinnar om korleis klasseskilje heng saman med distinksjonar *inne* i populærkulturen.

I den enkle analysen nedanfor ser me utelukkande på preferansane (liker kontra liker ikkje eller har ikkje sett) for 42 tv-seriar hjå studentar i 2020. Analysen antyder tre hovudskilnadar i deira preferansar, i fallande viktigkeit (modifisert andel av forklart varians i parantes).²⁹ Mesteparten av skilnadane (akse 1, 43%) mellom studentane framstår ikkje handle om *kva* serier ein likar, men *om ein likar mange eller færre av dei opplista seriane* (og spesielt om ein likar dei mest populære seriane, som Game of Thrones). Dette framstår i liten grad ha samanheng med sosiale kjennemerke eller fag: Det heng primært saman om kor ofte ein bruker på å sjå serier, som verkar ikkje ha ein tydeleg sosial profil. Av denne grunn vil me konsentrere oss om dei to andre hovudskilnadane mellom studentane, som går på *kva* seriar dei likar - og mislikar.

Figur 6: Preferansar for TV-seriar. SpeMCA, akse 3-2.



MCA av 42 tv-seriar. Alle andre kategoriar i kartet er supplementære. TV-seriar i kursiv er også supplementære.

Det andre skiljet (akse 2, 39%) verkar hovudsakleg kombinere to tilhøve. For det fyrste er det *et skilje mellom serier som oftare er likt av kvinner kontra oftare likt av menn*. På den eine sida har ein dei som likar seriar som td. Gossip Girl, Greys Anatomy, Thirteen Reasons Why, Riverdale og Skam, på den andre sida dei som likar seriar som td. Chernobyl, The Office, Peaky Blinders, True Detective, Silicon Valley og The Wire. Samstundes er dette, som døma viser, eit skilje mellom seriar med nokså ulike tema, gener og fortellingsstrukturar. Den "mannlege" sida av motsetnaden inkluderer m.a. oftare seriar ein gjerne omtalar som "complex tv" (Mittel 2015) - meir komplekse seriar som bryt med Hollywoods tradisjonelle serieformlar. Desse er oftare likt av studentar på dei humanistiske faga.

Det tredje skiljet (10%) verkar vere spesielt knytt til preferansar for *serier som er dramatiseringar eller dokumentariske* (td. Lykkeland, Nobel, Kampen om Tungvannet, The Crown, La Bureau), og *gjerne norske eller europeiske, kontra dei som foretrekk meir tradisjonelle fiksjonsserier, og gjerne amerikanske*. Studentar på Høgskulen og naturvitenskap foretrekk oftare sistnemnde typar seriar, medan førenemnde oftare vert foretrukke av studentar på NHH, og på fag som jus, medisin og psykologi.

Fordelinga av fag (og slik samstundes, foreldrebakgrunnar) i dette rommet av seriepreferansar fylgjer i store trekk ei kjend mønster frå den tidlegare analysen (figur 3). I tillegg til å skilje kvinner frå menn, reproduserer serieskilja i grove trekk hovudskilja i det sosiale rommet: mellom studentar frå høgare klasser kontra arbeiderklasse (den vertikale aksen), og mellom bakgrunnar prega av henholdsvis kulturell kapital (til venstre) eller økonomisk kapital. Skilja handlar heller ikkje berre om ein har sett og likt ein serie, men og om antipatiar. Kvinnelege BI-studentar seiar td. ikkje berre at dei sjeldnare har sett og likt ein serie som *The Crown* enn kvinnelege studentar på universitetet, men dei seier også oftare at dei mislikar serien. Dette er eit nokså tydeleg teikn på at også innanfor dei mest utbreidde delane av populærkulturen - i dette tilfellet tv-seriar - er studentanes preferansar prega av deira klassekarakterar, og at dei estetiske dommane dei gjer - mellom godt og dårlig, dumt og intelligent, morosamt og plumbt, spanande og kjedeleg, og så vidare - framleis kan fungere som *kulturelle distinksjonar* (Bourdieu 1984), det er, som klassemakørar og del av sosiale kampar om ære og status.

Endringar i kulturelle livsstilar 1998-2020


Ser me på deira foreldre, er det tydeleg at studentane bringer med seg andre kulturelle impulsar heimanfrå no enn for tjue år sidan. Me finn ei tydeleg forskyving der tradisjonelle kunstformer - spesielt litteratur, kunstnerleg film og klassisk musikk (og til dels også folkemusikk) er sjeldnare oppgjeve som interesser. Derimot er det ein stor auke, spesielt etter 2008, for sport og friluftsliv. Samstundes framstår det ei forskyving der mødrane er like ofte, eller oftare interesserte i teater og bildekunst, men fedrene sjeldnare. Derimot framstår fedrene stadig meir interesserte i sport og lokalhistorie, men denne auken er mindre for mødrane. Til ein viss grad framstår slik mødrane i aukande grad som den tradisjonelle kulturens tradisjonsbærar i studentanes familier.³⁰

Tabell 6: Fars og mors rapporterte interesse for tolv område, etter år. Prosent.

	FAR			MOR		
	1998	2008	2020	1998	2008	2020
Populærvitenskap	25	28	29	27	36	18
Sport	5	7	61	8	13	26
Friluftsliv	7	8	55	8	10	51
Religion	16	18	15	14	16	22
Lokalhistorie	16	16	41	18	19	27
Klassisk musikk	42	32	19	47	32	21
Folkemusikk	21	26	11	21	26	11
Teater (ikke revy)	22	26	14	16	20	32
Billedkunst	22	28	17	19	26	31
«Klassisk» norsk litteratur	41	36	18	54	49	27
Kunstnerisk ambisiøs film	24	32	7	24	31	9

Desse endringane er tydeleg klasseprega. Det største fallet i interesse for tradisjonell legitim kultur hjå fedrene finn stad i arbeiderklassene. Der andelen som til dømes oppgjev sine fedre som interesserte i bildekunst i 1998 var kring 20%, og dette var fordelt nokså likt mellom klassebakgrunnar, er dette i 2020 auka til 34% i overklassene og falle til 7% i arbeiderklassene (mellomklassene framstår derimot nokså uendra). Samstundes er det slik at auken er sterkest i kulturelitene (frå 31% til 72%) og svakare i dei økonomiske elitene (25% til 51%). Liknande utviklingstrekk finn me for interesse i teater, folkemusikk og kunstfilm, og omvendt for interesse for sport. Derimot er fallet i interesse for klassisk musikk og klassisk norsk litteratur nokså likt i klasselaga, og verker vere ein meir generell historisk tendens. Ei lesing av dette er at interesse for den tradisjonelle legitime kulturen i større grad er knytt til klassekunst enn før, dels mellom arbeiderklassene og dei kulturelle øvre klassene, og dels mellom sistnemnde og dei økonomiske øvre klassefraksjonane. Dette er noko me skal sjå trekk av også hjå studentane.

Tabell 6: Fars rapporterte interesse for fire kunstformer (teater, bildekunst, klassisk norsk litteratur og filmkunst), etter klasse (ORDC) og år. Gjennomsnitt (frå 0=ingen til 4=alle)



Note: Samla tal for NHH, UIB og Høgskulen på Vestlandet. UPP = overklasse, UPPMID = øvre middelklasse, LOWMID = lavere middelklasse, WORK = arbeiderklasse. CULT, PROF, ECON = kulturell, balansert og økonomisk fraksjon.

Når det gjeld endringar i studentanes eigne kulturelle livsstilar desse tjue åra er dette, kan nokon grove trekk antydst.

Nye digitale livsstilar

Eit punkt som knapt treng utdjuping er dei nemnde, svært synlege konsekvensane som digitaliseringa og nettet har fått for studentane sine kvardagsliv. Undersøkingane i 1998, 2008 og 2020 fangar slik henholdsvis ei pre-internett fase, og tidleg- og moden fase i digitaliseringa.

I 1998 hadde knapt nokon privat tilgang til nettet (ein del hadde derimot fått tilgang til enkle tenester og epost via universitetet), berre halvparten hadde eigen datamaskin, og smarttelefonar i dagens forstand var ukjende. iPhone vart ikkje lansert før i 2007, og heller ikkje iPod såg dagens lyd før 2001.

Om tilgang til internett var meir vanleg i 2008, var dette også ei svært tidleg fase i den digitale utviklinga. Moderne smarttelefonar var knapt kome (iPhone vart lansert i 2007) og langt under halvparten hadde slike, nettbrett kom heller ikkje før seinare (iPad i 2010). Moderne strøymetenester for video var i startfasen - Youtube var også nokså nytt (2005), sameleis Spotify (2006), NRK etablerte Nett-TV i 2003, men Netflix vart ikkje lansert i Norge før i 2012. Det var også heilt i starten av moderne sosiale medier (Facebook vart lansert i 2008, Instagram kom fyrst i 2010).

I sum utgjer dette ei rekke store endringar i studentane livsstilar som omfattar auka bruk av tid på videotenester og musikk, på sosiale medier. Det medfører også mange generelle trekk som er velkjende frå litteraturen om digitaliseringas konsekvensar (sjå td. Vaage 2016). Ein viktig slik er auka fragmentering, som meir overordna framstår svekke kopplinga til norsk offentlighet (både nasjonalt og lokal), ved at studentar no venta i mindre grad enn før får med seg dei fleste sakene i "omnibus" format som VG eller Dagsrevyen, men får sakene meir enkeltvis via klikking på nettsider eller via sosiale medier. Dette går saman med at avisene er mindre sentrale kjelder til informasjon (det er her talande at interessa for å lese kronikkar og debatt i avisene er den mest bestandige genren, sidan den ikkje kan lett erstattast ved eit søk på IMDb eller The Guardian om ein er på jakt etter ei melding av ein utanlandsk film).

Auka kosmopolitisme

Mange av endringane i studentane sin livsførsel verkar gå i retning av det som vert kalla *kosmopolittiske livsstilar*. Studentane har no meir internasjonal erfaring, både gjennom at fleire i familien har bakgrunn frå eit anna land, og fleire har erfaring frå lengre opphold i utlandet, dels som utvekslingselevar på vidaregåande (frå 9 til 16% desse tjue åra), mange fleire har vore utvekslingsstudentar (frå 10 til 38%), dobbelt så mange har reist jorda rundt (frå 4 til 9%), og så vidare. Dei viser også fleire teikn på ei orientering mot det eksotiske og ikkje-norske. I matveien er langt fleire er td. glad i japansk mat, fleire handlar middagsmat på innvandrarbutikkar og mange fleire er vegatarar. Deira liv framstår også i hovudsak meir aktivt retta mot byens uteliv, med ein auke frå 23 til 41% som seier at dei går ut på byen kvar veke. Som ein del av desse endringane verkar vere eit større fokus på kroppen som prosjekt. Langt fleire trener kvar veke (frå 58 til 83%), langt fleire går også på tur i naturen kvar veke (frå 13 til 61%).

Denne orienteringa mot byliv og det utenlandske framstår samstundes som ei svært selektiv og nokså begrensa form for kulturell globalisering, men heller ei orientering mot ein popularisert og internasjonalt promotert nettkultur, som td. i filmsamanheng inkluderer ikkje berre Hollywood, men også td. japansk anime og Sørkoreansk film. På den andre sida kan ein td. sjå ei tydeleg nedgang i antal studentar som seier seg komfortable med å lese fransk og tysk, og som ikkje verkar kompansert med andelen som seier dei kan lese spansk, som i sum verkar styrke den engelskspråkleg tilgjenglege kulturen.

Forskyvingar mellom kunstområda

Fleire les ikkje skjønnlitteratur. Andelen som seier dei ikkje les skjønnlitteratur var nokså stabil på 9-12% i 1998 og 2008, men har auka til 23% i 2020. Derimot har tilnærma dagleg lesing (minst 5 dagar i veka) vore meir stabilt - 14% i 1998, 8% i 2020. Interesse for å lese bøker i alle skjønnlitterære genrer har gått ned, med unntak av science fiction og fantasy. Interessant er også at det ikkje verkar vere like stor nedgang i interesse for sakprosalitteratur (det er td. like mange no som er interesserte i å lese bøker om politikk). Det er også langt færre som er interesserte i å lese bokmeldingane i avisene, og om noko av dette nok skuldast at avisene er mindre sentrale som kjelde til informasjon, har dette falle mykje meir for nyheter frå kulturområdet enn td. sportsnyheter.

Færre er interessert i filmkunst. Om studentane bruker totalt sett langt meir tid på videorelatert innhald, framstår interessa for film som kunstart vere fallande. Det det at langt færre går ofte på kino no enn før åleine ikkje fortel oss så mykje (studentane har no, i motsetning til 1998, ein langt større tilgang til filmar i si private stove, og kan sjå dei når dei vil), så fell dette saman med at langt færre også går på filmklubbar eller har vore på BIFF, og svært få no kan nemne meir enn dei aller mest kjende regissørane eller nemner regissører dei likar i dei opne spørsmåla om dette. Det verkar også vere slik at færre nemner filmer som ikkje er populære, men som har vore viktige i filmhistoria.

Lågare interesse for teater. Stadig færre har vore på teater siste året (frå kring en av tre i 1998 til halvparten i 2020). Og der nesten halvparten i 1998 hadde vore minst to gongar på teater, var dette en av fem i 2020. Studentane seier seg og stadig mindre interessert i dei fleste former tradisjonelle typar teater, og mindre interessert i å lese om teateroppsetningar.³¹

Færre på museum, like mange på kunstutstillingar. I dei tjue åra har andelen som har vore på kunstmuseum vore nokså stabilt på kring 40%, men for andre museum falle frå 73% til 59%. Om at fleire har vore på kunstutstillingar likevel kan lesast som auka kunstinteresse er uvisst.

Fleire på konserter. Andelen som har vore på konserter har auka litt (frå 73% til 81%), men det er omlag like mange som går ofte på konserter.

Fleire spelar dataspel regelmessig. Me manglar informasjon om dette i 1998, men det er ein liten auke dei siste ti åra i andelen som spelar dataspel regelmessig. Interessant nok er auken større for mannlege studentar.

Like mange er sportsinteresserte. Omlag like mange som før har vore på idrettsarrangement, og interesse for å lese om sport i avisene er svært stabilt.

Ei vending vekk frå kulturfeltet. Utover dette kan ein spekulere i om me også ser teikn på ei meir generell vending vekk frå det norske kulturfeltet. Samanlikna med tekniske og økonomiske fag, er det td. relativt færre som seier at dei trur dei eignar seg til studere kunst, skriving, språk, medievitskap eller filosofi.

Fallande interesse for tradisjonell høgkultur

På dei fleste kunstområda framstår interesse for tradisjonell høgkultur vere fallende. Samstundes verkar dette fallet vere sterkare for norsk tradisjonell kultur enn for utanlandsk.

At studentar i mindre grad har kontakt med tradisjonell høgkultur og opplever den mindre relevant kan observerast på tvers av ei rekke kulturområde. Noko av dette er allereide implisert ovanfor, eit anna teikn er sjangerforskyvingar, der - samanlikna med andre genrar i same kunstart - ein finn eit sterkt fall i interesse for alt som minner om dei europeiske elitens kultur, anten den er klassisk musikk, klassisk musikk eller klassiske teaterstykke, og ein generell nedgang i interesse for bildekunst. Studentar nemner og stadig sjeldnare slike kunstnarar eller verk i dei opne spørsmåla om favorittar, og færre har høyrd om eller kjent med desse sine representantar. Til døme har desse tjue åra andelen som klarer identifisere Kafka som forfattaren av Prosessen frå 44 til 16%, andelen som seier dei veit kven Gustav Vigeland fell frå 82 til 60%, for Anne Sophie Mutter frå 34 til 8% - og så vidare.

Dette er samstundes ei vending vekk frå den smalarare, meir krevjande delane av samtidskulturen (samstidslitteratur, samtidsmusikk, samtidsteater etc.), og ei styrking av den populære delen av kulturfeltet. På musikkfeltet finn ein td. der andelen som sa seg interesserte i barokkmusikk fall frå 53% i 1998 til 31% i 2008, og 20% i 2020. Tilsvarande auka interessa for "musikk fra hitlistene" frå 48 til 56% dei siste ti åra. Også interesse for folkekultur i form av folkemusikk er svekka, men denne var nokså marginal allereide i 1998.

Vidare er denne rørsla vekk frå den tradisjonelle høgkulturen, både i form av "klassisk" kultur og smalare deler av samtidskulturen særskild merkbar for norsk, i kontrast til europeisk og amerikansk høgkultur. Kunstnarar som td. Dali, Kandinsky, Pollock og Lichtenstein framstår omlag like kjende no som før, men kunstnarar som Nerdrum, Krogh og Vigeland går frå å vere velkjende til å vere ukjende for dei fleste. I dette tilfellet verkar kunnskapen om ein internasjonal klassisk kanon verkar vere meir bestandig enn noko som liknar på ein tilsvarende norsk kanon.

Studentlivets de-differensiering

Demokratiseringa av tilgangen til (om ikkje utbyttet av) høgare utdanning, har ei rekke vidtrekkjande konsekvensar. Hjå Bergensstudentane *samla sett* ser me desse tjue åra slik ikkje berre at studentanes klassebakgrunnar er mindre avvikande kontra dei som ikkje tok høgare utdanning, men også ei meir generell homogenisering (auka likskap) av deira livsstilar og orientering samanlikna med andre unge vaksne. To dømer på dette er at deira kulturvanar liknar stadig meir på andre jarnaldrande i kulturstatistikken, og deira stemmegjeving ved val er mindre avvikande. Dette må venstast å bidrage til at studentane og opplevast (av seg sjølv og andre) som i mindre grad eit eige rom og ein eigen stad, med sine eigne livsstilar. Studentlivet verkar no i mindre grad fungere som eit eige *rom* med ei kjensle av at ein lever eit anna liv enn andre. Ein konsekvens av dette verkar vere ei svekka studentoffenlighet. Stadig færre av Universitetssstudentane les Studvest, går i Studentersamfunnet eller er medlem av eit politisk parti³².

Studentlivets avtrylling

Denne de-differensieringa verkar gå saman med ei slags avtrylling, eit tap av Studentlivets karisma (Weber). Stadig færre verkar sjå føre seg ei framtid i akademia. Der andelen UiB-studentar med ein forelder med doktorgrad desse 20 åra har auka frå 2 til 7%, har andelen av studentane som seier dei sjølv kunne tenkje seg ein doktorgrad vorte halvert - frå kring 20 til 11%. Færre verkar også tilslutte seg ein karismatisk ideologi: Færre er samde i at karakterar i fyrste rekje avheng av eins personlege evner (på UiB ein nedgang frå 92% til 68%).³¹ Her vil ein vente at både inngangen av fleire til høgare utdanning verkar saman med utdanningsreformer, m.a. ved å minke skilnadane mellom videregåande og studentlivet (inkl. obligatorisk oppmøtte, stramme timeplanar med stadige innleveringar og prøver osb.)

KONKLUSJON

Trass i at mange fleire no tek høgare utdanning, og trass i alle teknologiske omveltingar av våre kultur- og medieliv er hovudlinjene me har skildra mellom studentane sitt klassekarakteristikk, deira studieval og deira kulturelle livsstilar i store trekk nokså uberørte dei siste tjue åra (jfr. Gripsrud & Hovden 2001, Gripsrud, Hovden & Moe 2012).

Både i høve tilgang til eliteutdanningar, og i kva grad ein vel kulturelle i staden for tekniske eller økonomiske utdanningar framstår klasseskilje heller vere aukande enn minkande. Også når det gjeld arva kulturell kapital framstår sosialisering i familien ha auka viktigkeit, spesielt når det gjeld mestring av tradisjonell elitekultur, som vert stadig mindre utbreidd hjå studentane, men samstundes meir avhengig av ressursane i familien.

Når det gjeld forhåpningane om demokratiseringa av kulturbruk som fylgje av den auka tilgangen som nettet tilbyr, framstår også dei grunnleggjande skilja mellom klassene vere nokså like. Om kva typar kultur og kva måtar ein tileigner seg kulturen på som publikum endrar seg mykje, framstår dei grunnleggjande disposisjonane vere nokså forankra nokså likt klassemessig. Om me no til dømes får tilgang til nyheiter på heilt andre måtar i dag enn i 1998, der papiraviser og direkte-TV og -radio var moglighetene ein hadde, så brukar td. born av høgt utdanna foreldre i alle år meir tid på å lese nyheiter, og dei er meir interesserte i politiske nyheiter og nyheiter frå utlandet. Dette støtter ei noko pessimistisk hypotese om at korkje massetilgang til utdanning eller kultur verkar fungere sosialt utjamnande i seg sjølv, og i hovudsak befestar kjende mønster av sosial ulikskap.

REFERANSAR

Bernstein, Basil (1971). *Class, codes and control: Applied studies towards a sociology of language*. Vol. 1. Psychology Press, 2003.

Bourdieu, P., & Passeron, J.-C. (1979). *Inheritors*. Chicago: UCP .

Bourdieu, P. (1984). *A social critique of the judgement of taste*. London: Routledge.

Bourdieu, P. (1986). "The Forms of Capital" . In G. Richardson (ed.) *Handbook of Theory and Research for the Sociology of Education* 241–58. Greenwood.

Bourdieu, P., & Passeron, J.-C. (1990). *Reproduction in education, society and culture* ([New] ed.). Sage. (1970)

Corsaro W. A. (1997) *The Sociology of Childhood*. Sage.

Cou langeon, P. (2021). *Culture de masse et société de classes: le goût de l'altérité*. Paris: Presses Universitaires de France.

Ekren, R. (2014). Sosial reproduksjon av utdanning? *Samfunnsspeilet*, 5, 20–24.

Van Gennep, A. (2013). *The rites of passage*. Routledge.

Goffman, E. (1961). *Asylums: Essays on the social situation of mental patients and other inmates*. London: Penguin.

Gripsrud, J. (1989). 'High culture'revisited. *Cultural studies*, 3(2), 194-207.

Gripsrud, J. and J. F. Hovden (2000). "(Re)producing a cultural elite?" *Sociology, Culture & Aesthetics*. J. Gripsrud. Oslo, Høyskoleforlaget/NFR: 55-90.

Gripsrud, J., Hovden, J. F. and Moe, H. (2011). "Changing relations: Class, education and cultural capital". *Poetics* vol 39/6.

Hansen, M. N., & Mastekaasa, A. (2006). Social origins and academic performance at university. *European Sociological Review*, 22(3), 277–291.

Hansen, M. N. & S. Uvaag. (2021) "Arbeiderklassen og sosial mobilitet". I Ljunggren, J., & Hansen, M. N. (Eds.). *Arbeiderklassen*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Hovden, J.F. (2022). Worlds apart. On class structuration of citizens' political and public attention and engagement in an egalitarian society. *European Journal of Cultural and Political Sociology*.

Flemmen, M., Hjellbrekke, J., Hovden, J. F., Jarness, V. (2022). "Stability, transformation, and escalation: Norwegian classes and class boundaries 2008–2020" in Hugrée, C., Penissat, É., Spire, A., & Hjellbrekke, J. (Eds.). *Class Boundaries in Europe: The Bourdieusian Approach in Perspective*. London: Taylor & Francis.

Hjellbrekke, J., & Korsnes, O. (2012). *Sosial mobilitet*. Oslo: Det norske samlaget.

Holseter (2021): Foreldrenes utdanningsnivå betyr fremdeles mye for gjennomføring.
<https://www.ssb.no/utdanning/hoyere-utdanning/statistikk/gjennomforing-ved-universiteter-og-hogskoler/artikler/foreldrenes-utdanningsniva-betyr-fremdeles-mye-for-gjennomforing>

Lahire, B. (2003). From the habitus to an individual heritage of dispositions. *Poetics* 31 (5-6), 329-355.

Lareau, A. (2011). *Unequal childhoods: Class, race, and family life*. Lonon: Routledge.

Le Roux, B., & Rouanet, H. (2010). *Multiple correspondence analysis* (Vol. 163). Sage.

Marx, K (1990). *Capital: A Critique of Political Economy*. Vol. 1. Trans. Ben Fowkes. New York: Penguin.

Mittel D. (2015). *Complex TV: The Poetics of Contemporary Television Storytelling*. New York: NYU Press.

Pasquier, D (2005). *Cultures lycéennes*. Paris: Autrement.

Prieur, A., & Savage, M. (2013). Emerging forms of cultural capital. *European societies*, 15(2), 246-267.

Rosenlund, L. (2017). Class conditions and urban differentiation-applying distinction's methodology to the community. *Bulletin of Sociological Methodology/Bulletin de Méthodologie Sociologique*, 135(1), 5-31.

Serediak, O., & Helland, H. (2022). Family background and the likelihood of pursuing a university degree abroad: heterogeneity in educational fields. *British Journal of Sociology of Education*, 1-20.

Stefansen, K. (2011). *Foreldreskap i småbarnsfamilien: Klassekultur og sosial reproduksjon*.

Vaage, O. F. (2016). *Kulturvaner 1991-2015. Resultater fra kultur-og mediebruksundersøkelsene de siste 25 år*. *Statistiske analyser*, 147, 136.

Weber, M. (1978) *Max Weber, Economy and Society*. Chicago: UCP.

Willis, P. (1977). *Learning to labour*.

Øyen, Ørjar (1964): "Krake søker make: En undersøkelse av homogami med hensyn til yrkesprestisje", Tidsskrift for samfunnsforskning, 5:179-88.

VEDLEGG: OM METODEN, TABELLAR OG FIGURAR

Materialet brukt i dette arbeidet består av ei serie spørreundersøkingar til eit tilfeldig utval studentar i Bergen i 1998 (N=1113), 2008 (N=1223) og 2020 (N=1589)³³. BI vart lagt til i 2008, Universitetet i Bergen (UiB), Norges handelshøyskole (NHH) og Høgskulen på Vestlandet (HVL, tidlegare Høgskulen i Bergen) har vore med alle år. I dag utgjer dei fire institusjonane litt over tredve tusen studentar.³⁴. Undersøkingane i 1998 og 2008 vart gjort som postsurveyar, i 2020 som websurvey. Desse undersøkingane illustrerer mange av utfordringane med å lage samanliknbare undersøkingar over lengre tidsrom i samfunnsvitskapen. Undersøkingane har vore moglege gjennom støtte frå to NFR-prosjekt (Kulturell Uorden, DigiCult) og Rådet for Anvendt Medieforskning ved Statens medietilsyn. I tillegg til surveyundersøkingane vart også gjort tjue kvalitative intervju med studentar frå ulike studiestadar kvart av åra, samt dokumentasjon gjennom fotografi.

Tabell A1. Det sosiale rommet for Bergensstudentane. Eigenverdiar.

Axis	Variance of the axis (eigenvalue)	% of explained variance	Cumulated % of explained variance	Benzécri's modified rates (%)
1	0.339	5.8	5.8	41.0
2	0.274	4.7	10.5	17.7
3	0.243	4.2	14.6	10.0
4	0.235	4.0	18.7	8.3
5	0.227	3.9	22.5	6.8
6	0.215	3.7	26.2	5.0
7	0.193	3.3	29.5	2.1
8	0.191	3.3	32.8	2.0
9	0.185	3.2	36.0	1.4
10	0.182	3.1	39.1	1.2

Tabell A2. Det sosiale rommet for Bergensstudentane. Absolutte og relative bidrag.

Contributions of the active variables

Variables	Relative Weight (%)	Axis 1	Axis 2	Axis 3
q56mor	10.2	12.0	26.0	25.7
q56far	8.2	12.8	27.2	26.9
fakultet2	16.7	12.2	23.8	18.0
farmorkultidx5	16.3	12.1	9.7	2.3
farmonutd5hogste	15.3	31.6	5.3	15.7
farmorkr5	15.8	19.3	8.0	11.5

Contributions of the active categories

q56mor

Label of the category	Relativ e Weight (%)	Contribution à la variance totale (%)	Axis 1	Axis 2	Axis 3
Humanistiske / estetiske fag	0.7	2.732	1.5	12.4	0.1
Lærerutdanning og utdanning i pedagogikk	2.4	2.435	0.0	0.5	12.0
Samfunnssfag og juridiske fag	0.9	2.693	4.6	0.1	4.1
Økonomiske og administrative fag	2.1	2.493	0.5	12.0	0.0
Naturvitenskaplige fag, håndverksfag og tekniske fa	1.1	2.671	3.2	0.3	7.4
Helse-, sosial- og idrettsfag	2.9	2.356	2.2	0.8	2.0

q56far

Label of the category	Relativ e Weight (%)	Contribution à la variance totale (%)	Axis 1	Axis 2	Axis 3
Humanistiske / estetiske fag	0.4	2.788	0.5	9.8	0.2
Lærerutdanning og utdanning i pedagogikk	0.7	2.736	0.1	2.6	12.2
Samfunnssfag og juridiske fag	0.7	2.729	3.7	1.1	2.0
Økonomiske og administrative fag	2.5	2.426	2.4	8.4	0.2
Naturvitenskaplige fag, håndverksfag og tekniske fa	3.0	2.343	3.2	0.9	5.9
Helse-, sosial- og idrettsfag	0.9	2.691	3.0	4.4	6.5

fakultet2

Label of the category	Relativ e Weight (%)	Contribution à la variance totale (%)	Axis 1	Axis 2	Axis 3
NHH	3.5	2.257	4.7	4.6	2.1
HUM	1.4	2.615	0.4	6.4	0.3
LAW	0.8	2.718	0.8	1.6	0.1
NATSCI	1.4	2.610	0.1	0.3	8.1
MED	0.9	2.693	0.1	0.1	0.1
PSYCH	0.9	2.691	0.6	0.1	1.9
SOCSCI	1.4	2.619	1.2	0.7	0.6
HEALTHSOCI	1.2	2.651	2.0	0.0	0.1
ENGINEERNAT	1.2	2.655	0.7	0.1	3.7
ARTMUSDESIGN	0.4	2.779	0.0	6.4	0.1
TEACHING	1.1	2.657	1.5	0.1	0.0
ECONADM	0.3	2.806	0.1	0.7	0.5
BI	2.2	2.484	0.1	2.8	0.6

farmorkultidx5

Label of the category	Relativ e Weight (%)	Contribution à la variance totale (%)	Axis 1	Axis 2	Axis 3
CC--	3.1	2.325	3.8	2.7	0.8
--					

CC-	4.2	2.129	1.6	0.6	0.0
CC0	3.1	2.322	0.0	0.2	0.1
CC+	3.0	2.347	1.2	0.5	0.1
CC++	3.0	2.345	5.5	5.6	1.2


farmorutd5hogste

Label of the category	Relativ e Weight (%)	Contribu tion à la variance totale (%)	Axis 1	Axis 2	Axis 3
primary	1.6	2.572	9.8	0.6	4.9
secondary	1.5	2.594	6.2	0.0	1.5
bachelor	5.8	1.864	0.2	2.1	3.7
master	5.4	1.927	9.0	0.2	0.9
phd	0.9	2.691	6.4	2.4	4.6

farmorkr5


Label of the category	Relativ e Weight (%)	Contribu tion à la variance totale (%)	Axis 1	Axis 2	Axis 3
<900K	4.2	2.133	6.8	2.2	2.1
9-1100K	3.7	2.217	0.9	0.4	0.7
11-1450K	3.9	2.178	0.6	0.0	5.6
15-1900K	2.3	2.453	2.6	0.9	0.3
>1900K	1.6	2.576	8.4	4.4	2.8

Tabell A3. Fars klassebakgrunn (ORDC) etter institusjon og fakultet ein studerer, fordelt på menn og kvinner og kjønnsfordeling. Prosent.



Figur A1: Studentrommet i Bergen 2020 (detaljert). SpeMCA, akse 1-2.

Kjonn	NHH	Med	Jus	Psyk	MathNat	SV	HF	KMD	HIBLaer	HIBHels	HIBIng	HIBOKSam	BI	Total
female	53,20	88,04	72,60	90,00	52,46	63,71	68,91	76,92	84,87	88,39	45,87	62,96	50,22	64,57
male	46,80	11,96	27,40	10,00	47,54	36,29	31,09	23,08	15,13	11,61	54,13	37,04	49,78	35,43



NOTAR

1. <https://www.ssb.no/a/histstat/tabeller/5-16.html>. For andel under utdanning fram til 2008: <https://www.ssb.no/a/histstat/tabeller/5-5-3t.html>
2. <https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/sa60/kap-4.pdf>
3. <https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/rekordmange-studenter-i-2020>. <https://www.ssb.no/utdanning/hoyere-utdanning/statistikk/studenter-i-universitets-og-hogskoleutdanning/artikler/na-er-det-over-300-000-studenter-i-norge>.
4. I 2021 var det kring 40000 studentar registrerte i Bergen. 20820 av desse var studentar på UIB, 10530 på Høgskulen på Vestlandet, 3980 på Handelsskulen, omlag 3000 på BI, 165 studentar på Bergen Arkitektskule og eit par tusen til på dei kristne høgskuleutdanningane - som inkluderer mellom anna lærarutdanning, sjukepleie og diakonutdanning - organisert under NLA Høgskolen i Bergen (1005) og VID vitenskaplege høyskole (1030). Kjelde: DBH.
5. For meir diskusjon av studietida sin antropologiske karakter, sjå *Inheritors* (Bourdieu og Passeron, 1979).
6. I 1975 utgjorde kvinnene 36% av studentane ved universiteta og dei vitskaplege høgskulane i Noreg. I 1998 var kvinnene kome i knapt fleirtal, og i 2022 utgjorde dei kring seksti prosent. Kjelde SSB/DBH.
7. 19-24 åringar. <https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/rekordmange-studenter-i-2020> (38.4%, 31,6% i 2011)
8. Det har også vorte vanlegare for kvinner - på Hovlands tid var det omlag like mange kvinner som menn på universitetet, i dag utgjer dei kring seksti prosent.. Kap 6.1, https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/bitstream/handle/11250/2488349/NAVE_melding1981-6.pdf?sequence=1&isAllowed=y og https://dbh.hkdir.no/tall-og-statistikk/nokkeltall?undermeny=nokkeltall_inst&sektorKode=0&valgtArstall=2021&ValgtinstDetail=1120
9. Ein klassisk studie her er Paul Willis sin *Learning to Labour* (1977), som syner korleis den britisk arbeiderklassens *lads* formar ein motkultur mot skulens autoritet basert på industriverkstadens kultur, som inkluderer hardt manuellt arbeid som det einaste moglege og ærverdig for ein ung mann, og ender med å verte fanga i hardt og dårleg betalt arbeid heile sitt liv.
10. Det siste fell frå 91% av dei som har minst ein forelder med høgare utdanning til 76% for dei med foreldre med berre vidaregåande, og til 59% om foreldra har berre grunnskule (for perioden 2014–2020, SSB, 2021). Å ikkje fullføre vidaregåande har også i

dei seinare år vorte stadig tydlegare knytt til ekskludering på arbeidsmarknaden seinare (Vogt et al., 2020).

11. <https://www.ssb.no/utdanning/videregående-utdanning/statistikk/gjennomforing-i-videregående-opplaering>
12. I gruppa 25-29 åringar hadde i 2019 59% av kvinnene fullført ei høgare utdanning, men berre 38% av mennene. Kjelde: <https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/stort-kjønnsgap-i-høyere-utdanning-blant-unge>
13. Dette medfører ein del forenklingar. I klasseforskinga er det velkjend at far og mors ressursar verkar påverke borna litt ulikt, og avhengig av om ein ser på jenter og gutter i familien.
14. Inkluderinga av studiestad bryr noko med dei andre variablane, sidan det må reknast som ein meir indirekte indikator på foreldras kapital. Meir presist er det vel å kalle konstruksjonen ein analyse av forholdet mellom foreldras klasseposisjon og studiestad.
15. Egenverdiar / modifiserte rater (% av varians) for dei fem fyrste aksene: 0.339/41%, 0.274/18%, 0.243/10%, .235/8%, .227/7%:
16. Denne statistiske skildringa av samanhengen mellom studentane sine famileressursar (klasseposisjon) og deira utdanningsbaner og livsstilar i Figur 2 er av naudsyn noko skisseaktig. Det er dels ein fylgje av at modellen må basere seg på studentanes kategorisering av sine foreldre, som må ventast ofte vere unøyaktig, av og til feilaktig, og også sårbar for praksisar (overdriving, underdriving, sabotasje, ikkje-svar) som me ikkje kan gå utifrå er tilfeldig sosialt fordelt. Dette sagt gjev analysen ein nokså kjent struktur frå analyser av norske klassestrukturar (jfr. Rosenlund, 2017).
17. Dei er også noko meir trulege til å ha vakse opp med berre ein forelder, som drastisk reduserer den samla kapitalen til familia.
18. Mange lestrar vil kan hende reagere på at me her snakkar om ein felles klasseposisjon for familien. I praksis er det sjølvsagt slik at mange av studentane sine foreldre bidreg med nokså ulike ressursar. Ein av tre mødre som berre har vidaregåande skule har til dømes ein partnar som har ei mastergrad. Hovudmønsteret er likevel at "krake søker make" (Øyen, 1964) - at folk tenderer til å velje partnarar med nokså like utdanningsar, yrker og slik klasseposisjonar. Det er td. ingen med ein far som jurist i våre data som har ei mor utan mastergrad. Og om mor har mastergrad, har berre kring femten prosent ein partner utan høgare utdanning. Av dei som berre har fullført vidaregåande er talet over seksti prosent. Fars og mors ressursar tenderer slik mot homogenitet i kapital, og dei mest kapitalsterke sine born veks opp, som det heitar i Jesajas bok (61:7), med doble porsjonar og er dobbelt velsigna. Dette står i kontrast til studentar med foreldre i arbeiderklassen, der sjeldan meir enn ein av foreldra har nokon form for høgare utdanning, og der det også er meir vanleg å vakse opp med berre ein forelder.
19. Merk at inndelinga i ti klasser er her mest ei praktisk kategorisering, for formidlingsformål - omlag slik ein brukar aldersgrupper - av dei nyanserte skilje som finst dette mangedimensjonale og nyanserte rommet av sosiale skilje mellom folk.

20. Når me drøftar slike skilje mellom studentane i Bergen må me ha i minne om at me arbeidar med eit høgt selektert utval - halvparten av kulla har jo forsvunne på vegen. Og som nemnd er det jo ikkje tilfeldig kven som overlevde utsilinga - i stor grad handlar dette om ressursar i familien. Noko ironisk, som fleire stadar drøfta av Bourdieu (ref), medfører denne silinga på klassekarakteren at dei fulle effektane av sosial ulikskap vert nedtona i våre statistiske kategoriar, dei vert kraftlause i tråd med lova om fallande representativitet: Di mindre sjanse ein har for å ha overlevd silinga - samanlikna med alle andre same i kategori, di mindre representativ er ein for denne kategorien. Slike seleksjonseffektar kan ein finne overalt. Om ein td. går på eit av dei fire av elitestudia i Bergen - embedsstudia i medisin, psykologi, jus og NHH - er det nokså uvanleg (ein av fem) å ha ein far som berre har folkehøgskulen. Men samanlikna med andre fedre med samme utdanningsnivå har desse tydeleg høgare inntekter enn snittet og ein større andel av dei har vore folkevalde. Dei "punch about their weight", som engelskmennene seier med lån frå bokspråket. Eller med ein bourdieusk terminologi: Deira låge utdanningskapital verkar vere balansert av høgare økonomisk og politisk kapital. På liknande vis må ein vente at slike "uvanlege" studentar ved nærmere etnografiske undersøkingar vil vise seg å ha eksepsjonelle bakgrunnar, til dømes ved å oftare kome frå ein familie der andre familiemedlemer hadde elitebakgrunnar.
21. For kjønnsfordeling på faga, sjå tabellvedlegg.
22. Ein interessant skilnad er her at sjanske for å ha lønna arbeid i feriane aukar med foreldras sosiale klasse: 47% av studentane i arbeiderklassen seier dei gjer dette, men 61% av dei frå overklassen. Truleg handlar dette om at i ein marknad der stadig fleire av jobbane er automatiserte, krev spesifikk kompetanse eller vert gjeve til rimelegare arbeidskraft frå utlandet (jorbærplukking er eit godt døme på det siste), vert foreldre sine ressursar viktigare - td. ved å ha leiande stillingar eller eit godt sosialt nettverk til andre som har det.
23. Eit døme på dette kan ein sjå hjå bachelorstudentar på Høgskulen. Der under ein tredel av dei kvinnelige studentane under 25 år har ei mor med berre vidaregåande skule, er det to tredeler av dei over 27 år som har det.
24. Ein talande indikator her er foreldras utdanningsnivå, som jo har vore aukande i sidan 1998. Og på dei nemnde elitefaga (og også UIB som heilskap) finn ein at andelen med fedre med mastergrad har auka nokså mykje, td. frå 24 til 34% på UIB samla og frå 31 til 41% på NHH. På HVL og SV-faga har derimot dette stått nokså stille på rundt 20%, og BI har frå 2008 til 2020 hatt eit fall frå 33% til 19% med fedre med mastergrad. Når det gjeld mødrane er det jo ein mykje større auke i slike med mastergrad. Men også her er auken sterkare på eliteutdanning. På HVL aukte andelen mødre med mastergrad desse tjue åra frå 3 til 19%. På UIB aukte det frå 7 til 29%, på NHH frå 7 til 40%.
25. I 1998 var det td. slik at nesten ingen studentar hadde meir enn ein forelder med mastergrad, heller ikkje på elitestudiene. På NHH hadde ein av tre ein foreldre (vanlegvis far) med mastergrad, men ein av seks på Høgskulen. I 2020 har over

halvparten av studentane på NHH minst ein forelder med mastergrad, og 29% har to slike foreldre. På Høgskulen er det no like mange som har foreldre med mastergrad som det var på NHH i 1998. Og 8% har to foreldre med mastergrad.

26. Dette engasjementet heng saman med engasjement på andre område - som å lese nyheiter, fylge med i samfunnsdebattar, politikk og næringsliv. Om dei også er prega av ei sterkare orientering mot utlandet, er det klart at mykje av dette engasjementet er retta mot dei nasjonale elitekulturane. For ei meir ålmenn drøfting av forholdet mellom sosial klasse og orientering mot nasjonale eliter, sjå Hovden (2022).
27. At arbeiderklassen i slik statistikk framstår som passive handlar nok ikkje berre om at dei faktisk brukar mindre av kulturinstitusjonane, men og at deira kulturliv i større grad favnar aktivitar og sjangrar utanfor det etablerte kunstfeltet, og i meir uformelle former (jfr. Savage & Prieur 2013).
28. I ein viss forstand minner jo td. sjåinga av nye Netflix-serier om logikken frå Den Norske Bokklubben på syttitalet, der nordmenn så og seie "las i takt" dei same litteraturklassikarane sidan dei fekk dei samstundes i postboksa).
29. Ujustert andel forklart varians: 10%, 9% og 6%.
30. Dels er dette kjende generelle utviklingstrekk i kulturstatistikken.
31. Merk at denne auken er mest markant frå 08 til 20.
32. I 2020 er det berre berre ein av fem UiB-studentar som seier at dei regelmessig les Studvest, i 1998 las ein av tre kvart nummer, berre 12% las "aldri" avis. I 2020 har 30% vore i Studentersamfunnet siste året. [mangler komparative tal, finn besøksstatistikken]. Berre 2.5% av desse var i 2020 medlem i eit studentpolitisk parti [sjekk partistat.]
33. Ei tilsvarande undersøking var også gjort i Oslo i 2011 i samarbeid med Svein Bjørkås.
34. Eit par mindre institusjonar er utelete frå undersøkinga. Det gjeld Bergen Arkitekthøgskule, samt dei kristne institusjonane NLA Sandviken (lærarutdanning), Høgskolen Betanien (sjukepleie) og Haraldsplass diakonale høgskole (dei to siste sidan 2016 del av VID vitenskapelige høyskole). Til saman utgjer desse kring 2500 studentar i Bergen.